



Høgskulen
på Vestlandet

5 år

Universitetsnamn

Geir Kåre Resaland
Prorektor regional utvikling
Stord, HL styremøte
27. april 2022



Kva skal det nye
universitetet heite?



Januar 2022

Forskerforum



Høgskulebygget til Høgskulen på Vestlandet (HVL) i Sogndal. Høgskulen skal snart søkje om å verte universitet. Foto: Dyrvind Nanda

Kva skal eit nytt universitet på Vestlandet heite? – Fjorduniversitetet er det dårlegaste framlegget

Av Kjetil A. Brottveit
Publisert 18. januar 2022

Men kva med Universitetet på Vestlandet, Universitetet i Vest eller Vestlandsuniversitetet? Her er dommen frå Forskerforums språkeksperter.

Men fyrst: Kva norske ord kan ein ta i bruk for å arrangere ein konferanse? Ole Kristian Våge har i tidlegare spalter vurdert alternativ til innarbeidde engelske termar. I staden for «call for papers», landa han på «konferanserundskriv». Martin Strand luftar i eit e-brev framlegget «bidragsutlysning».

Fakta

I språkepalta har vi fått hjelp av to terminologar, som uttalar seg berre på vegne av seg sjølve. Marita Kristiansen er språkforskar ved Universitetet i Bergen og leiar for Språkrådets fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning. Ole Kristian Våge er terminolog ved Nasjonalt sentar for helsefagleg terminologi i Direktoratet for e-helse. Kva ord eller språkepermeål ber vi å opp i spalten? Send framlegg til kjetil.brottveit@forskerforum.no.

April 2022



Khrono



Høgskulen på Vestlandet går for dette universitetsnamnet

Neste veke skal styret ved Høgskulen på Vestlandet vedta kva som skal bli namnet på det komande universitetet. Språkrådet støttar forslaget deira.



Høgskulen på Vestlandet, her representert ved studestaden på Kronstad i Bergen, blir truleg til Universitetet på Vestlandet ein gong i framtida. Foto: Silje Katrine Robinson

Tekst: Joar Hystad
joar.hystad@khrono.no

Publisert Søndag 24.04.2022 - 09:06 Oppdatert Søndag 24.04.2022 - 09:13

Høgskulen på Vestlandet (HVL) har som mål å [senda universitetsøknaden sin til Nokut i løpet av 2023](#).

Etter ein grundig prosess har styret no kome fram til eit namn som etter alt å døma blir vedteke på det komande styremøte onsdag 27. april.

Det føreslegne namnet er *Universitetet på Vestlandet*.

— Ei arbeidsgruppe har gjennomført ein brei namneprosess med mandat i frå høgskulestyret. Undervegs har ein involvert både interne og eksterne, samt Språkrådet. Tilbakemeldingane viser med tydelegheit at det er *Universitetet på Vestlandet* som er det namnet som har fått klart breiast oppslutnad og er føretrekt, står det i sakspapira til styremøtet.

April 2022

Sunnhordland



NYTT NAMN: Høgskulen på Vestlandet (HVL) skal etter alle solemerke vedta det nye og framtidige universitetsnamnet på styremøtet onsdag. Her frå lærarhøgskulen på Rommetveit.

FOTO: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN

Namnet bli truleg Universitetet på Vestlandet

Denne veka vil Høgskulen på Vestlandet truleg vedta kva som blir namnet på det nye universitetet, og mykje tyder på at dei allereie har landa på eit namn.

— Ei arbeidsgruppe har gjennomført ein brei namneprosess med mandat i frå høgskulestyret. Undervegs har ein involvert både interne og eksterne, og dessutan Språkrådet, lyder det i sakspapira til styremøtet som finn stad onsdag. Det er «Universitetet på Vestlandet» som er det namnet som blir foreslått, og er ifølgje sakspapira det som er mest føretrekt og som har fått klart breiast oppslutnad.

► **Pål Solli Paulsen**
pal@wannhordland.no

Fekk hundrevis av innspel

oppdrag for høgskulen for å vurdere forslaga. Her har også dei tre andre namna Universitetet i vest, Vestlandsuniversitetet og Fjorduniversitetet blitt vurdert. Følgje tilråding frå Språkrådet, meiner dei at to av forslaga stakk seg ut som mest aktuelle og to andre som mindre aktuelle. Her blei namna Universitetet på Vestlandet og Vestlandsuniversitetet støtta.

Om førstnemnde namn skriv rådet blant anna dette: — Dette er eit grammatisk

Universitetsnamneprosessen ved Høgskulen på Vestlandet

- **November 2020:** Høgskulestyret vedtok mandat og framdriftsplan
- **Vår 2021:** Rektor oppnemnte arbeidsgruppa
- **Haust 2021:** Open innspelsrunde for tilsette og studentar med allmøte på campusar
- **Desember 2021:** Arbeidsgruppa leverte rapporten med fire namneforslag
- **Vinter 2022:** innspel frå vertskommunar, fylkeskommunar, sentrale verksemder, Språkrådet og studentar
- **April 2022:** rektor tilrår eit namn til høgskulestyret som vedtek det nye namnet



Fire namn blir til eitt

- › Universitetet på Vestlandet
- › Vestlandsuniversitetet
- › Universitetet i Vest
- › Fjorduniversitetet



Fire namn blir til eitt

- › **Universitetet på Vestlandet**
- › Vestlandsuniversitetet
- › Universitetet i Vest
- › Fjorduniversitetet



Universitetet på Vestlandet

- › Tilbakemeldingane både internt og eksternt viser med tydelegheit at det er **Universitetet på Vestlandet** som har fått klart breiast oppslutnad.
- › Tilbakemeldingane frå namneinnspelsrunden og fram til no viser eit ønske om kontinuitet og vidareutvikling av den allereie eksisterande namneprofilen til **Høgskulen på Vestlandet**.
- › **Høgskulen på Vestlandet** har allereie bygd opp ein rimeleg god kjennskap i samfunnet, og det kan vere ein fordel at denne blir ført vidare.
- › **Høgskulen på Vestlandet** «eig» allereie omgrepet Vestlandet i marknadsføringssamanheng overfor sine viktigaste målgrupper.

Språkrådet:

- › *«**Universitetet på Vestlandet** er det namnet som ser ut til å ha fått størst oppslutning til no, og det er grunn til å tru at folk lett vil godta det.»*
- › *«**Universitetet på Vestlandet** er grammatisk godt og dessutan deskriptivt og greitt. Det vidarefører delar av det gamle namnet, og det er bra.»*
- › *«Like eins kan vi stø namnet **Vestlandsuniversitetet**.»*
- › *«**Universitetet i Vest** og **Fjorduniversitetet** reknar vi som mindre aktuelle.»*

Språkrådet har vurdert framlegga opp språklova, som slår fast at statsorgan skal ha namn på norsk, både bokmål og nynorsk, at namna skal følgje offisiell rettskriving, og at offentlege organ skal bruke eit klart språk som er tilpassa målgruppa . Dei har òg vurdert om framlegga er i tråd med prinsippa for god namnelaging i staten.

IDF-møte

Informasjons-, drøftings- og forhandlingsutvalet (IDF) er eit organ for medbestemming i HVL.

13/22 – B – Universitetsnamn

Rektor orienterer kort.

Akademikerne meiner at namnevalet er eit klokt val. Det verkar dekkande for Vestlandet, og ein treng ikkje innarbeide eit heilt nytt namn. Parat er einig i dette, viser til at det har vore ei god prosess og at arbeidsgruppa har gjort eit godt arbeid.

Rektor viser etter innspel frå HTV a
engelske namnet i kommunikasjon

IDF møte 3/22 (25.04.2022)

Dato og møtets varigheit: 25.04.2022 – kl. 09.00 – 11.00 på Zoom

Tilstades (heile eller deler av møtet):

Arbeidsgjevar:

Gunnar Yttri
Tage Båtsvik
Wenche Fjørtoft
Anette Undheim
Linn Melby Meyer

Rektor
Organisasjonsdirektør
Avdelingsleiar HR
Seniorrådgjevar HR
HR -rådgjevar /sekretær

Arbeidstakar:

Tone Skjerdal
Aslaug Furholt
Toril Irene Olesrud Fjørtoft
Pål-Albert Olsen

Norsk Tjenestemannslag (NTL) / LO stat
Utdanningsforbundet (UDF)
Norsk Sjukepleieforbund (NSF)
Akademikerne

KJEM: engelsk namn, forkorting



Universitetet på Vestlandet

Førde - Sogndal - Bergen
Stord - Haugesund



Følg oss på hvl.no

